



## Høyring «veivalg for en fremtidig kirkeordning».

Bokn sokneråd og fellesråd hadde saka opp som sak F08-15 den 20. mai 2015

Bokn fellesråd er opptatt av at det ikke vert gjort for mange endringar i ei tid der det er så mange saker som skal handsamast. I hovudsak er det ynskjeleg at kyrkja vert finansiert både over statsbudsjettet og over kommunalbudsjetter som i dag. Dette føreset at også tilsetjingar fortset i hovudsak som i dag.

Høyringsspørsmål

**1. Bør det gjøres endringer i fordelingen av oppgaver og myndighet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt nivå? I så fall hvilke og hvorfor?**

Ja

Soknet er grunneininga i Den norske kyrkja og den juridiske handlingsevna som soknet har i dag, må først vidare. Kyrkjestructuren må byggje opp under og styrke soknet si evne til å tilsetje medarbeidarar, ta ansvar for økonomiforvalting og strategisk utvikling. Soknet må difor også i framtida vere ei sjølvstendig juridisk eining.

Sidan store delar av kyrkja sin økonomi kjem frå kommunen, er det naudsynt at det er eit organ på kommunenivå som på vegne av sokna står i dialog og samarbeid med kommunen. Bokn fellesråd er samd med mindretallet i kyrkerådet: «et mindretall i kirkerådet mener at oppgaver og myndighetsfordeling mellom de ulike nivå bør justeres slik at den loale kirke styrkes.»

**2. Deler av høringsinstansen Kirkerådets vurdering om at dagens finansieringsordning er den beste til å sikre en bred folkekirke?**

Ja

Den offentlege finansieringa er naudsynt for at kyrkja skal kunne dekke heile landet. Ei ny kyrkjelov må innehalde ei forplikting om offentleg ansvar for økonomisk finansiering av Den norske kyrkja både kommunalt og statleg. Dette vil vere det beste grunnlaget for å sikre ei brei folkekirkje der kyrkja er nær folk og lokalsamfunn. Jfr Grunnlova § 16.

**3. Dersom dagens finansieringsordning for Den norske kyrkje faller bort, hvilken ordning vil høringsinstansen gå inn for? Begrunn synspunktet.**

Dersom finansieringsordninga ikkje skal skje som i dag, vil ei livssynsavgift vere beste alternativet. Dette vil gje ei lik handsaming av alle innbyggjarane. Ei medlemsavgift er ikkje ynskjeleg då det lett kan gje konflikt i medlemsansvar. Ved ei felles livssynsavgift bør det kunne vere mogeleg med lokale innsamlingsprosjekt for å styrke lokale prosjekt.

**4. Hvordan kan kirkestrukturen forenkles for at knappe ressurser kan bli rasjonelt utnyttet?**

Her har me inga forslag.

**5. Har høringsinstansen synspunkter på kriteriene for soknestørrelse og sokneinndeling i en fremtidig kirkeordning?**



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bokn sokneråd

Sokna i Norge er svært forskjellige og det vil vere vanskeleg å gje klare råd. Bokn fellesråd meiner at sokna må vere store nok til at det kan vere eit godt stabilt stabsfellesskap. Samtidig er det stor føremoen om ein kan etablere stabsfellesskap på tvers av soknegrensene.

### **6. Bør ordningen med to organer for soknet (menighetsråd og fellesråd) videreføres?**

Ja

Dei tilbakemeldingane me kjenner til underbygg at dette er ei tenleg ordning.

### **7. Hvis ordningen videreføres: På hvilket nivå bør fellesorganet for fleire sokn ligge (kommunenivå eller annet nivå, f.eks. prostinivå eller bispedømmenivå)?**

Fellesorganet må vere på kommunenivå.

### **8. Hvis ordningen videreføres: Bør det gjøres endringer i oppgavefordelingen mellom menighetsråd og fellesråd?**

Ja.

Soknerådet må ha reell styring av verksemda når det gjeld ansvar for strategisk utvikling, tilsetjing og økonomisk handlerom. Det er difor naudsynt med tydelege reglar for samvirket mellom fellesråd og sokneråd.

§14 i kyrkjelova av i dag er ikkje tydeleg i grenseoppgang mellom organa.

### **9. Bør all virksomhet i soknet underlegges styrings- og ledelsesansvaret til soknets organer?**

Alle tilsette bør kunne arbeide under same leiing.

### **10. Hvordan bør daglig ledelse for virksomheten i soknet organiseres?**

Sokna bør ha eigen dagleg leiar. Dette bør normalt vere ein annan enn presten. Den som er dagleg leiar må vere ansvarleg overfor organa i soknet.

### **11. Hvilken rolle bør biskopen ha i en fremtidig kirkeordning?**

Biskopen bør ha ei rolle der tilsyn er det sentrale.

Biskopen bør leie prestetenesta og utøve arbeidsgjevarfunksjonar overfor prestane.

### **12. Hvilke virkemidler bør biskopen ha for å kunne ivareta tilsynet på en god måte?**

Som i dag.

### **13. Hvordan bør utpeking av biskoper skje i en fremtidig kirkeordning?**

Som i dag.

### **14. Bør bispedømmerådet opprettholdes som rådsorgan på bispedømmenivå, og hva skal i så fall være bispedømmerådets rolle i kirkestrukturen?**

Som i dag.

### **15. Hvilke oppgaver bør i sa fall legges til bispedømmerådet?**

Som i dag.



# DEN NORSKE KYRKJA

## Bokn sokneråd

### **16. Bør alle ansatte ha den samme arbeidsgiver og hvilket organ bør dette i så fall være?**

Som i dag.

### **17. I hvilken grad bør arbeidsgiverfunksjoner fordeles på de ulike organer?**

(Biskopen regnes i denne sammenheng som er organ).

Bokn fellesråd støtter kirkerådets forslag C.

### **18. I hvilken grad bør det åpnes opp for lokale og regionale variasjoner i organiseringen av arbeidsgiveransvaret?**

Det er store variasjoner i storleik på kommunar og sokn. Der dette er naudsynt, bør ein kunne samarbeide over kommunegrenser.

### **19. Hvordan bør man på best mulig måte ivareta særpreget til prestetjenesten og andre vislede tjenester?**

Viser til svaret i spørsmål 11 og 12 der biskopen har tilsvarende ansvar som i dag.

### **20. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkemøtets rolle i kirken?**

Som i dag.

### **21. Har høringsinstansen synspunkter på hvordan Kirkemøtet skal settes saman?**

Som i dag.

### **22. Har høringsinstansen synspunkter på Bispemøtets oppgaver og rolle i kirkeordningen, herunder forholdet til Kirkemøtet og Kirkerådet?**

Bokn fellesråd går for forslag Kyrkjerådet si vurdering 1B.

### **23. Har høringsinstansen synspunkter på spørsmålet om ledelse av biskopene?**

Som i dag.

### **24. Har høringsinstansen synspunkter på Kirkerådets funksjon og sammensetning?**

Som i dag.

### **25. Bør ordningen med en egen lærenemnd videreføres, og hvilken funksjon skal en slik nemnd i så fall ha?**

Som i dag.

### **26. Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ansvaret for samisk kirkeliv skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Som i dag.

### **27. Har høringsinstansen synpunkt på hvordan ungdomsdemokratiet og Ungdommens kirkemøte skal ivaretas i en fremtidig kirkeordning?**

Som i dag.